

HØRINGSSVAR

Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettadressen: www.kirken.no/kirkeordning

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Høringssvar bes sendt elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon: **Eid Kyrkjelege Fellesråd**

Adresse: Postboks 5, 6770 Nordfjordeid

Kontaktperson: kyrkjevevje Kristen Hundeide, (kyrkjevevja@eid.kommune.no)

Høringsspørsmålene

- 1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar: JA

- Vi meiner at det må opprettast eit nytt, robust fellesråd på prosti-/regionalt nivå, tilpassa ny kommunestruktur. Dette skal ha arbeidsgjevaransvar for ALLE kyrkjeleg tilsette i sitt område, og skal også ha ansvar for gravferdsforvaltninga og kyrkjebygga.

- Vi meiner at ei ny kyrkjeordning må sikre at soknerådet får meir mynde og større innverknad på eigne aktivitetar/oppgåver. Soknerådet er grunnsteinen i kyrkja og må derfor få større ansvar i den strategiske utviklinga av kyrkjelyden og større påverknad enn i dag ved tilsettingar.
- Vi meiner elles at så lenge kyrkja sin økonomi fyrst og fremst kjem frå kommunale løyvingar, er samspelet mellom fellesrådet og kommunen heilt avgjerande. Vi trur at kyrkja sine økonomiske rammer er avhengig at eit representativt og profesjonelt organ talar kyrkja si sak direkte til kommune-politikarane; og at det er gode relasjonar og kommunikasjon mellom kyrkja og kommunen
- I høyringssvara til NOU 2013:1, «Det livssynsåpne samfunn», gjev over 98% av dei kyrkjelege instansane som har gjort seg opp ei meining, uttrykk for at gravferdsforvaltninga også i framtida bør forvaltast av Den norske kyrkja. I den framtidige organiseringa av folkekyrkja må vi difor syte for at vi har organ som kan ivareta denne forvaltninga på ein like god måte som i dag.

2 Deler høyringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høyringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar: Kombinasjon av offentlig finansiering og livssynsavgift som vert kravd inn over skattesetelen, og som alle dermed er med og betaler, kan vere eit mogleg alternativ. Desse innsamla midlane må så fordelast på dei ulike trus- og livssynssamfunn ut frå medlemstall.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar: Dersom det vert oppretta nye, sterke fellesråd parallelt med ny prosti-/kommunestruktur, vil ein kunne redusere dagens 430 fellesråd til pluss/minus 150. Om arbeidsgjevaransvaret så vert lagt til det nye fellesrådet, vil ein i prinsippet kunne avgrense seg til tre nivå i kyrkja: Kyrkjemøte – Fellesråd – Sokneråd.

Det bør som følgje av ovannemnde gjennomførast direkte val til Kyrkjemøtet etter same modell som vi i dag vel representantar til Stortinget. Dette valet kan gjennomførast saman med soknerådsvalet.

5 Har høyringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Det bør ikkje leggast opp til tvangssamanslåing av sokn for å oppnå ein viss storleik. Evt. samanslåing må kome som følgje av ynskje frå sokna sjølve. Der sokna sjølve er for små til å tilsetje eigen administrasjon/leiar må fellesrådsadministrasjonen utføre ymse administrative oppgåver for sokna.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar:

JA

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar: På justert prostinivå/kommunenivå etter endra kommunestruktur. I dei største byane kan det vere fleire prosti innan same fellesrådsområde, men likevel ikkje slik at eit prosti vert delt mellom to fellesråd.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: NEI

- men soknerådet må få større mynde over eiga verksemd. Jfr. svar på spørsmål 1pkt. 2

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar:

I utgangspunktet JA

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

Svaralternativ 2A , jfr høyringa

Dersom prestetenesta vert inkludert i soknet sitt ansvarsområde meiner vi at presten kan, men ikkje må, få ansvaret som dagleg leiar.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Då kyrkja sitt oppdrag er stort og krevjande, og ressursane er avgrensa, treng vi meir enn nokon gong biskopen som:

- ein tydeleg visjonsbærar for alle tilsette, for frivillige så vel som for rådsmedlemmer
- ein som kan teikne eit bilete av kva det vil seie å være kyrkje i vår tid
- ein som kan gje oss frimod, stoltheit og ny energi i det kyrkjelege arbeidet
- Biskopen må framleis sikrast ei avgjerande rolle i samband med tilsetjing av vigsla medarbeidarar
- Biskopen må kvalitetssikre tenesta til vigsla medarbeidarar og leie denne gjennom presten.
- Biskopen skal ha tilsyn med alle kyrkjelydar og alle medarbeidarar i bispedømet

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

Vi meiner biskopen skal ha ei avgjerande rolle ved tilsetting av vigsla medarbeidarar uten å vere arbeidsgjevar.

Vi meiner også at alle tilsette i leiande stillingar skal vigslast (t.d. kyrkjevevjer/daglege leiarar)

Biskopen sitt tilsynsansvar må gjelde alle instansar i bispedømmet som har arbeidsgiveransvar, - og at tilsynet må omfatte alle stillingskategoriar med unntak av kyrkjegardstilsette då desse skal vere livssynsnøytrale.

Biskopen ordinerer til presteteneste og det er berre han/ho som kan gje ein person presterettigheter. Tilsvarande må det være ordningar for varig eller mellombels oppheving av ordinasjonsfullmaktene og for tap av desse ved avskjed, oppseiing eller suspensjon.

For å ivareta tilsynsansvaret kan biskopen ikkje berre gje råd og rettleiing, men også bindande pålegg om korleis tilsette skal utøve tenesta.

Forordning av gudstenester er nært knytt til biskopen sitt tilsynsansvar i sokna. Det er biskopen sitt ansvar å sjå til at dei grunnleggande kyrkjelege tenestene vert ivaretekne. Gudstenestene er heilt sentrale i denne sammenhengen.

I tillegg ser vi det som sjølvstøtt at biskopen framleis har ansvar for å godkjenne lokale planer for diakoni, kyrkjemusikk, undervisning/trusopplæring og gudstenesteliv.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Biskopen bør veljast ed rein valordning. (som eksempel viser vi til Danmark der Dronninga utnemner den som får flest stemmer)

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar:

NEI.

Jfr svar på spsm. 4.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar:

Jfr svar på spsm. 4.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar:

JA.

- Jfr svar på spørsmål 1. Vi meiner at ei ny kyrkjeordning må sikre at kyrkja sine omfattande tenester i ord og gjerning vert vidareført under eit *felles og heiskapleg arbeidsgjevaransvar med felles mål, felles strategi og felles ansvar* for alle tilsette
- Vi meiner difor at det må opprettast eit nytt fellesråd på prosti-nivå justert etter ny kommunestruktur, som skal ivareta arbeidsgjevaransvaret for ALLE tilsette i kyrkja i sitt område.

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

Arbeidsgjevarfunksjonane bør slett ikkje fordelast - men samlast i eit organ.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar:

I svært liten grad

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar:

Ved at prosten har et fagleg leiarsvar for prestatjenesta i prostiet og en rettleiarfunksjon for andre stillingar som inneber forkynning og opplæring

Prosten har det avgjerande ordet i høve det åndelege leiarskapet i kyrkjelydane, - innanfor dei økonomiske rammene fellestrådet har fastsett.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar:

Kyrkjemøtet vel biskopar (jfr svar på spsm. 13)

Kyrkjemøtet må representere og arbeide for ein heilskapleg lokale struktur i Den norske kyrkja.

Dette vert særleg viktig når Kyrkjemøtet også skal fordele økonomiske ressursar.

Kyrkjemøtet må dessutan i større grad ta omsyn til kven som skal betale rekninga når det vert gjort vedtak med økonomiske konsekvensar.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar:

Ved direkte val

Jfr svar på spsm. 4, siste avsnitt

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar:

Bispemøtet bør ha høve til å førebu, og tilrå, saker til Kyrkjemøtet.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar:

Biskopane bør organisatorisk leiast av preses. Biskopane må saman kome fram til felles køyrereglar i prosedyrespørsmål, regelverk m.m., men teologisk sett må kvar biskop ha full friheit.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar:

Kyrkerådet må ha representantar frå alle fylker (jfr. ordninga med antal stortingsrepresentantar).

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar:

Ordninga med lærenemnd bør vidareførast.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag